


# Varige arr?

Utdannings- og yrkesvala til ungdom under  
koronapandemien





## **Varige arr?**

Utdannings- og yrkesvala til ungdom under koronapandemien

---

Redaktør:

Magnus Fodstad Larsen

Forfattar:

Linda Beate Berg

# Innhald

Innleiing .....	3
Metode, utval og representativitet .....	4
Konsekvensane av koronapandemien for utdannings- og yrkesval .....	4
Pandemien påverkar utdanningsvalet for tre av ti unge .....	4
Mange arbeidssøjarar og folk som er i utdanning, svarar at koronasituasjonen påverkar utdanningsvala deira .....	5
Unge arbeidslause og fagskolestudentar har størst prosentdelar som opplever at koronasituasjonen har påverka valet av yrke .....	7
Jentene tek inn over seg dei moglege utfalla av pandemien for utdanning og yrke i større grad enn gutar .....	8
Koronapandemien sin innverknad på arbeidsmarknadsinformasjon .....	9
De opne svara i undersøkinga .....	10
«Det har blitt mye mer krevende å ta utdanning under korona» .....	10
«Velge noe som er trygt. Men samtidig er det ingenting som er trygt når en ikke vet hva som blir påvirket neste gang» .....	12
«At man ikke er nødt til å flytte land og strand for å kunne studere det man ønsker» .....	13
The scarring effect .....	14
Vi må stelle pent med koronaarra .....	15
Vedlegg 1 .....	17
Dei koronarelaterte spørsmåla i spørjeskjema .....	17
Vedlegg 2 .....	18
Tabell 1 Høgaste fullførte utdanningsnivå i populasjon og vekta utval, fordelt på alder. Tal og prosent. ....	18
Figurar .....	18
Referansar .....	19

# Innleiing

*No step in life, unless it may be the choice of a husband or wife, is more important than the choice of a vocation*  
(Parsons, 1909)

Koronapandemien rørte ved oss alle. Han gjorde at teknologi som alt var utvikla, med eitt vart allemannseige, slik at framtida brått vart her og no (Krastev, 2020). Ei av gruppene i befolkninga som verkeleg fekk eit endra tilvære, var barn og unge i skolealder. Den årlege, nasjonale spørjeundersøkinga til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om utdannings- og yrkesvala til ungdom<sup>1</sup> vart våren 2021 supplert med koronarelaterte spørsmål. Det vart òg gjennomført ei tilsvarande undersøking retta mot vaksne. I dette notatet tek vi for oss svara på desse spørsmåla, både frå unge og vaksne, og ser dei i lys av andre undersøkingar.

Kohort er eit ord som fekk ei ny tyding i koronatida: ei gruppe ein er saman med heile tida på skolen for å unngå mest mogleg smitte (Språkrådet, 2020). I dette notatet nyttar vi ordet i den mest bruka tydinga av ordet, nemleg menneske som er fødde i ein bestemt periode. Den kohorten vi er opptekne av her, er dei som var elevar i ungdomsskole og vidaregåande skole under nedstenginga i koronaperioden. Kva for vegval vi tek i livet, oppstår ikkje i eit tomrom: «People construct their own lives by choosing options within structured situations» (Elder, 1995, s. 47). Dei to undersøkingane vi tek føre oss i dette notatet, viser at utdannings- og yrkesvala til dei som har vore elevar og studentar under koronanedstenginga, har vorte påverka av pandemisituasjonen. Dette vil kunne få konsekvensar for både dei unge sjølve og arbeidsmarknaden.

---

<sup>1</sup> Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har ansvar for utdanning.no (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, 2021), som er ein nasjonal, offentleg nettportal med utdannings- og yrkesinformasjon med både ungdom og vaksne som målgrupper.

## Metode, utval og representativitet

Det har over fleire år blitt gjennomført ei spørjeundersøking retta mot unge i alderen 15–25 år om utdannings- og yrkesval for å forbetre tenesta Utdanning.no (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, 2021). Dette vart òg gjort i mai–juni 2021, i form av ei webundersøking med 1103 respondentar. Nytt for 2021 var at ei tilsvarende undersøking vart send ut til vaksne i alderen 26–60 år, med 1101 respondentar. I begge undersøkingane var det somme koronarelaterte spørsmål. Det var Opinion som gjennomførte undersøkingane på vegner av HK-dir. Resultata i begge undersøkingane er vekta på kjønn, alder og geografi (Jacobsen & Bjerke, 2021; Jacobsen & Bjerke, 2021). Dataa har god representativ fordeling på fylke, òg når dei er uvekta (SSB, 2020). Men undersøkingane er ikkje vekta på utdanning. Tabell 1 viser ei samanlikning av utdanningsnivå etter alder i det vekta utvalet samanlikna med populasjonen. Respondentar med grunnskole og vidaregåande skole som høgaste fullførte utdanning er underrepresenterte i utvalet i høve til SSB sin statistikk, medan respondentar med universitets- og høgskoleutdanning er overrepresenterte.


Somme av nedbrytingane i rapporten gjev veldig små utval. I dei tilfella har vi kommentert at tala må brukast med varsemd. På dei stadene der vi har testa signifikans, har vi bruka t-test (95 prosent konfidensintervall) og Pearson's R.

## Konsekvensane av koronapandemien for utdannings- og yrkesval

### Pandemien påverkar utdanningsvalet for tre av ti unge

Begge undersøkingane inneheldt dette spørsmålet: «Har koronapandemien påverka synet ditt på å ta utdanning?» i tillegg til eit ope oppfølgingsspørsmål. Totalt svara 20 prosent at koronapandemien har påverka synet deira på det å ta utdanning (figur 1). Blant respondentane i alderen 15–25 år svara 31 prosent «Ja» på dette spørsmålet, medan det i vaksenundersøkinga var 11 prosent som svara «Ja». Det er ein signifikant skilnad mellom respondentane som er yngre og eldre enn 26 år, på dette spørsmålet. Blant dei i alderen 15–25 år er det flest som svarar «Ja» i aldersintervallet 18–22 år. Blant dei i alderen 15–29 år svara 30 prosent «Ja», medan dette gjeld for 8 prosent i alderen 30–60 år.


Figur 1 Prosentdel som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter alder. Prosent. n=2204



## Mange arbeidssøklarar og folk som er i utdanning, svarar at koronasituasjonen påverkar utdanningsvala deira


Blant alle respondentane, både dei unge og dei vaksne, svarar over 30 prosent av dei som er under utdanning eller er arbeidssøklarar, at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning (figur 2). 14 prosent av dei som er i arbeid, svarar «Ja» på dette spørsmålet. Blant dei unge i alderen 15–29 år er svara meir jamt fordelte etter kva dei gjer i dag, enn blant respondentane i alderen 30–60 år.

Figur 2 Prosentdel som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=2204



Blant dei unge i alderen 15–25 år er det høgast prosentdelar som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning blant dei som er elevar på folkehøgskole og studentar ved fagskole (figur 3). Vi må ta atterhald om at det er få respondentar som er folkehøgskoleelevar og fagskolestudentar i utvalet vårt (n = respektive 11 og 7 i ungdomsundersøkinga). Men i ei undersøking som vart gjennomført av NOKUT, svara 25 prosent av respondentane, som alle var fagskolestudentar, at «koronapandemien påvirker hverdagen på en slik måte at det er vanskelig for dem å fortsette utdanningen» (Hauge, 2020, s. 5). Mange av fagskolestudentane mista praksis, og mange av dei opplevde at nettundervisning var lite motiverande (s. 8). Jamvel om det òg er få respondentar blant folkehøgskoleelevene, er det verdt å merkje seg at halvparten av dei opplever at pandemien har påverka synet på å ta utdanning. I mars 2020 vart alle folkehøgskolane stengde ned, og elevane vart sende heim og hadde heimeundervisning helt fram til sommaren (Statsministerens kontor, 2020). Respondentane våre svara på undersøkinga våren 2021. Då var koronasituasjonen annleis, men det er rimeleg at pandemien har hatt store konsekvensar òg for dei som gjekk på folkehøgskole i 2020/2021, til dømes fordi dei har følt seg isolerte, eller fordi skoleåret på andre vis ikkje vart heilt som dei hadde førestilt seg.

Figur 3 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103



Ikkje fleire enn 24 prosent av ungdomsskoleelevene i undersøkinga vår svarar at pandemien har påverka synet på å ta utdanning (figur 3). Dette stadfestar Bakken, Pedersen, von Soest & Sletten sin rapport om Oslo-ungdom i koronatida (2020). Det er fleire blant elevane i ungdomsskolen som er nøgde med korleis


undervisninga har fungert under nedstenginga, enn blant dei som går i vidaregåande skole (s. 36). I to undersøkingar som vart gjennomførte av NOVA i 2018 og 2020, er svara stabile i spørsmål om elevane blir stressa og utslitne av skolearbeidet (Norges offentlige utredninger, 2021, s. 417). Drygt ein tredjedel av respondentane i ungdomsundersøkinga som går på vidaregåande skole, svarar at koronapandemien har påverka synet på det å ta utdanning. Det er ikkje skilt mellom yrkesfag og studiespesialisering i undersøkinga vår, medan andre undersøkingar viser at nedstenginga særleg var problematisk for elevar på yrkesfag, med permittering av lærlingar og vanskar med å gje elevane relevante arbeidsoppgåver når dei hadde heimeskole (Norges offentlige utredninger, 2021, ss. 417–418; Andersen, et al., 2021).

Morsmål var ein variabel i vaksenundersøkinga, men ikkje i ungdomsundersøkinga. Vi har ikkje kunna påvise signifikante skilnader, men dei som svarar at dei ikkje har norsk som morsmål og ikkje er vaksne opp i Noreg, har større prosentdelar som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning. Skilnaden er størst i den yngste aldersgruppa blant dei vaksne, det vil seie 26–29 år. Dette verkar naturleg fordi det er mange som er under utdanning i denne aldersgruppa.

### **Unge arbeidslause og fagskolestudentar har størst prosentdelar som opplever at koronasituasjonen har påverka valet av yrke**

Respondentane i alderen 15–25 år fekk òg spørsmål om koronapandemien har påverka valet deira av yrke. Totalt svara ein femtedel av dei unge «Ja» på dette (figur 4). 29 prosent av dei arbeidslause og fagskolestudentane svara «Ja».

*Figur 4 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka valet deira av yrke, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103*






## Jentene tek inn over seg dei moglege utfalla av pandemien for utdanning og yrke i større grad enn gutar.

I ungdomsundersøkinga er det signifikante skilnader mellom kvinner og menn i begge spørsmåla om koronapandemien. Det er ein større prosentdel jenter enn gutar som har svara «Ja» på begge spørsmåla (figur 5).

Figur 5 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning og valet av yrke, etter kjønn og alder. Prosent. n=1103




Dette er i tråd med andre undersøkingar: I ei undersøking om Oslo-ungdom under koronapandemien finn Bakken et al. at gutar og jenter handterte og opplevde pandemien ulikt (Bakken, Pedersen, von Soest, & Sletten, 2020). Ein større prosentdel av jentene enn gutane bruka meir tid på skolearbeidet enn tidlegare (s. 42), og var bekymra for at karakterane deira skulle bli dårlegare på grunn av koronapandemien (s. 43). Ein større prosentdel av jentene enn gutane uroa seg òg for om nokon i familien skulle bli sjuke (s. 14), og trudde at pandemien ville endre framtida deira, og dessutan samfunnet (s. 60). Det var dessutan færre blant jentene enn blant gutane som svara at pandemien ikkje har påverka livet deira i det heile (s. 50). I ei nasjonal undersøking retta mot elevar på ungdomsskole og vidaregåande skole er det eit systematisk mønster på alle klassetrinna at større prosentdelar av jentene enn av gutane svarar at dei har blitt påverka i negativ retning av koronapandemien (Bakken, 2021, s. 10). Også internasjonale undersøkingar stadfestar dette (Mendolia, Suziedelyte, & Zhu, 2021; OECD, 2020).

## Koronapandemien sin innverknad på arbeidsmarknadsinformasjon

Det er ein statistisk samanheng mellom dei to koronaspørsmåla om utdannings- og yrkesval i ungdomsundersøkinga. Blant dei som har svara «Ja» på begge spørsmåla, er det typisk mange jenter som går på vidaregåande skole, og blant dei som har svara «Nei», er det mange menn og studentar ved universitet eller høyskole. Det er dessutan samanheng mellom begge desse spørsmåla og eit spørsmål i ungdomsundersøkinga om respondentane opplever at koronapandemien har påverka den informasjonen dei har fått om moglegheiter for utdanning. Totalt opplever 34 prosent av dei unge at pandemien har påverka denne informasjonen, og blant dei yngste i alderen 15–19 år svarar heile 46 prosent «Ja» på dette spørsmålet.

Nylege undersøkingar har vist at det er systematiske skilnader i befolkninga i søkinga til ulike typar utdanningar (Instebø, Bratholmen, & Keute, 2021; Birkeland, Havgar, Krüger, & Tkachenko, 2021). Over halvparten av ungdomsskoleelevane i undersøkinga vår svarar at koronasituasjonen har påverka den arbeidsmarknadsinformasjonen dei har fått (figur 6). Når skolane var nedstengde, vart det færre høve til fysiske møte med rådgivartenesta på skolane. Det er gode grunner til å tru at foreldra til ungdommane har hatt større innverknad på søking til utdanning i koronaperioden enn det dei elles har, og at dette kan forsterke reproduksjonen av sosiale skilje (Skule, 2021; Strømme, 2019; Reegård & Rogstad, 2016).

Figur 6 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka den informasjonen dei har fått om utdanningsmoglegheiter, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103



## De opne svara i undersøkinga

De opne oppfølgingsspørsmåla om utdanning og yrke vart stilte til dei som hadde svara «Ja» på spørsmåla om pandemien har påverka syn på å ta utdanning og val av yrke (sjå spørsmålsformuleringane i vedlegg 1). Svara kan grupperast i tre tema: Korleis dei har opplevd det å vere elev/student under koronapandemien, trygge val av bransje og utdanning og framtidsoptimisme i forhold til nettbasert læring. I det følgjande vil vi gå gjennom desse svara, og sjå dei i lys av annan litteratur.

### «Det har blitt mye mer krevende å ta utdanning under korona»

All ungdom på ungdomsskole og vidaregåande skole i Noreg opplevde at skolen deira vart nedstengd våren 2020. Dei opne svara i ungdomsundersøkinga ber veldig preg av dette. Det var påfallande mange som skrev om korleis dei har opplevd nedstenginga – jamvel om det ikkje var det dei vart spurde om. Både i ungdoms- og vaksenundersøkinga fekk dei som svara at koronapandemien hadde påverka synet deira på å ta utdanning, eit oppfølgingsspørsmål om korleis pandemien har påverka synet på å ta meir utdanning. Mange av dei unge, særleg høgskole- og universitetsstudentar og elevar på vidaregåande skole, svarar at dei har følt seg isolerte, og at pandemien har gjort dem lite motiverte til å ta meir utdanning:

*Studiehverdagen er annerledes, mer ensom og krever mer vilje til å sette seg ned og gjøre det man bør på egenhånd. Man går ikke så lett trygt forhold til professorene, og man får ikke samme kontakt med medstudentene som før korona. Når mange av fritidsaktivitetene ikke er mulig å gjøre heller, blir det lett mye stillesittende tid på eget rom.*

*Motivasjonen er ekstremt lav, man har bare de dårlige sidene av studentlivet, og ingenting av det gode.*

*Det er vanskeligere å være student når undervisningen er digital. Man blir veldig isolert.*

Dette reflekterer figur 3, som viser at det er fleire blant elevar i vidaregåande skole og universitets- og høgskolestudentar som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, enn det er blant ungdomsskoleelevane i utvalet.

Blant dei som svarar at dei er i utdanning i vaksenundersøkinga, er det òg somme som kommenterer opplevinga av nedstenginga:

*Å studere under pandemien har vært vanskelig, så det har minsket lysten til å ta videre utdanning.*

NIFU finn i si undersøking av koronapandemien ved norske universitet og høgskolar at mest 80 prosent av studentane har sakna det sosiale miljøet ved studiestaden, og mest to tredjedelar fekk svekt motivasjon (Solberg, et al., 2021, s. 45). I Bakken si undersøking av Oslo-ungdommar var mest halvparten av elevane – som gjekk i ungdomsskole og vidaregåande skole – nøgde med korleis undervisninga fungerte (Bakken, Pedersen, von Soest, & Sletten, 2020, s. 36). Samstundes svara 61 prosent at dei lærte mindre enn dei plar på skolen. Bakken finn at det er sosiale skilnader i korleis undervisninga fungerte, og at ungdom med norskfødde foreldre og høg sosioøkonomisk status hadde det høgaste læringsutbyttet. Dessverre har vi ikkje nok bakgrunnsvariablar i materialet vårt til at vi kan seie noko om kva for elevgrupper som opplevde at dei lærte mindre og/eller fekk mindre motivasjon under nedstenginga. Sosial bakgrunn har mykje å seie for val av utdanning, og ikkje minst for *bortval* (Reegård & Rogstad, 2016, s. 17), og for i kva for grad ein engasjerer seg i skolen (s. 156).

Eit gjennomgåande tema under koronapandemien har vore at ein må ta omsyn til dei sårbare barna og ungdommane. Men kven er dei egentleg? Bufdir har laga eit oversyn, med risikofaktorar knytte til det einskilte individet, omsorgspersonar og det å vere sosialt utsett, til dømes sosio-økonomiske risikofaktorar (Skrove, et al., 2021, s. 11). Frå eit anna perspektiv kan vi seie at alle dei som er barn, unge og unge vaksne i dag, er sårbare på grunn av pandemien fordi alle har opplevd nedstenginga på kroppen, mange har følt seg innestengde og isolerte, noko som dei opne kommentarane i undersøkingane våre stadfestar (Bufdir, 2021). Men ei nasjonal undersøking retta mot elevar i ungdomsskolen og på vidaregåande skole konkluderer med at dei fleste ungdommane i Noreg har handtert pandemien bra (Bakken, 2021). Bakken finn at det er små sosiale skilnader i korleis ungdommane opplever pandemien. Høvesvis 53 og 51 prosent av dei med høgast og lågast sosio-økonomisk status i familien svarar at pandemien har påverka livet deira i negativ retning, og høvesvis 55 og 41 prosent av dei med høgast og lågast sosio-økonomisk status har vore med på færre fritidsaktivitetar enn før (s. 12).

## **«Velge noe som er trygt. Men samtidig er det ingenting som er trygt når en ikke vet hva som blir påvirket neste gang»**

Både blant dei unge og dei vaksne er det mange som reflekterer i dei opne svara over at somme bransjar har vore meir sårbare enn andre under pandemien, blant annet reiseliv og kultur, medan særleg helse og omsorg blir trekt fram som ein bransje det kan vere lurt å satse på:

*Jeg er veldig glad for at jeg har valgt å bli sykepleier fordi jeg har trygg jobb resten av livet og alle er ikke så heldige*

*Skifte beite rett og slett. Koronaen har vist hvor lite kultursektoren har å by på i form av arbeidstrygghet.*

Mange nemner at det er viktig å satse på sikre jobbar:

*Det er noen yrker som er mer utsatt i slike situasjoner, som da ikke er så trygge å velge i tilfelle man skulle komme over en ny pandemi.*

*Har i bakhodet om det er et trygt valg*

*Viktig med stabil jobb, som sikrer inntekt uavhengig av situasjonen i resten av verden.*

*Viktigere å velge noe vi alltid vil trenge*

Elles er det veldig mange som skriv at det no er viktig å satse på utdanning. I ungdomsundersøkinga er det særleg elevlar på vidaregåande skole og studentar i høgare utdanning som er opptekne av dette:

*Korona-pandemien har gjort at jeg har synes at utdanning er viktigere enn hva mitt inntrykk var før pandemien.*

*Jeg har hatt mer tid til å tenke på hvor viktig utdanning er for framtiden*

*Kan være greit med flere enn én utdanning*

*Det er en god løsning å få mer kunnskap for å stille sterkere når pandemien er over.*

*Jobbmarkedet blir tøffere så det er viktig å utdanne seg for å få mest mogleg på CV'en.*

Ifølge Samordna opptak var søkinga til universitet og høgskolar rekordhøg våren 2021, med ein auke på 2,2 prosent frå 2020 (samordnaopptak.no, 2021). Auken i søknader til fagskolar var endå høgare – 37,4 prosent frå 2020, men dette kjem

truleg i stor grad av at mange fleire studium på fagskolenivå blir lyst ut gjennom Samordna opptak no enn tidlegare.

Den tilsvarande undersøkinga av utdannings- og yrkesval som vart gjennomført i januar 2019, meir enn eitt år før pandemien og nedstenginga oppsto i Noreg, konkluderer med at fagleg interesse er det viktigaste kriteriet for ungdom når dei skal velje utdanning, dinest kjem det at utdanninga fører til ein jobb dei ønskjer seg (Ipsos, 2019). I årets undersøking er tala ganske nøyaktig dei same: Til saman 92 prosent svarar at det er svært eller ganske viktig at fagområdet interesserer dei når dei skal velje utdanning, medan for 90 prosent er det ganske eller svært viktig at utdanninga fører til ein jobb dei ønskjer seg (Jacobsen & Bjerke, 2021). Det er altså inga endring i kriteria for val av utdanning blant unge frå 2019 til 2021.

### **«At man ikke er nødt til å flytte land og strand for å kunne studere det man ønsker»**

Ikkje alle respondentane i undersøkingane våre har fått svekt motivasjon for å ta meir utdanning av koronapandemien. For somme har den situasjonen som oppsto i mars 2020, snarare hatt motsett effekt:

*Jeg har blitt mer målrettet mot det jeg vil bli, så det har påvirket meg mer.*

*Jeg har hatt mer tid til å finne ut av hva jeg liker å gjøre i forhold til hva skolen får deg til å gjøre*

*Blitt mere kreativ og funnet meg selv*

*Den har oppfordret meg til å utvikle meg selv*

I Bakken si nasjonale ungdomsundersøking svara 68 prosent at koronapandemien, litt, ein del, mykje eller veldig mykje har påverka livet deira i positiv retning (Bakken, 2021, s. 10). Koronapandemien vart «et stort digitalt eksperiment», og har synleggjort for mange fleire enn tidlegare kva for moglegheiter som ligg i nettbasert læring (Tennøe, 2020; OECD, 2020). I undersøkingane våre reflekterer somme respondentar over dei digitale moglegheitene som pandemien har synleggjort for oss, både når det gjeld utdanning og jobb:

*Hvis digital/remote utdanning blir mer brukt, kan det være interessant*

*Åpnet øyne for hvilke yrker som kan bruke hjemmekontor for eksempel.*

## The scarring effect

Det var slett ikkje alle respondentane i dei to undersøkingane vi har sett på, som svarta at koronapandemien har påverka synet deira på utdanning og yrke. Dette stadfestar andre undersøkingar, som viser eit veldig varierende bilete av korleis ungdommane opplevde nedstenginga (Nøkleby, Borge, & Johansen, 2021; Bakken, NOVA Rapport 8/21, 2021). Samstundes er det eit stort engasjement i dei opne, koronarelaterte svara i våre to undersøkingar, og særleg i ungdomsundersøkinga var det mange som trakk fram dei negative aspekta ved heimeundervisninga. Dette er det grunn til å ta alvorleg. Dei opplevingane vi har når vi er unge, har stor betydning for dei vegvala vi gjer vidare i livet.

I vaksenundersøkinga svarar åtte respondentar at dei er permitterte på grunn av koronapandemien. Det er for lite tallgrunnlag til at vi kan bruke det i analysen. Ungdomsundersøkinga seier ingenting om permittering, men mange skoleelevar og studentar i undersøkingane kan ha mista ein deltidsjobb på grunn av pandemien, og dermed fått føle koronasituasjonen på kroppen i samband både med utdanning og jobb.

Ifølge the European Youth Forum har mange unge i Europa fått eit «pandemic scar» på grunn av utdanningsmessige og økonomiske tap og dårleg psykisk helse (2021, s. 30). Økonomiske studier viser at økonomiske kriser kan få langvarige effektar – såkalte «scarring effects» – for dei som blir arbeidslause under krisa (Arulampalam, 2000; Schwandt & Wachter, 2020). Det er ungdommane som får dei største varige verknadene av arbeidsløyse (Barth, et al. 2021). Ifølge Clark eit al. kan det å bli arbeidslaus ha ein vanedannande effekt (Clark, Georgellis, & Sanfey, 1999). De Fraja eit al. finn at det å bli arbeidslaus helt i starten av yrkeskarrieren i Storbritannia har distinkte, permanente effektar på inntekt (De Fraja, Lemos, & Rockey, 2017). Alderen 18–20 år er avgjerande – det å bli arbeidslaus i alderen 21–26 år har ikkje den same effekten. I ein studie av unge arbeidslause i Noreg i perioden 1990–1998 konkluderer Nilsen og Reiso med at det er store og vedvarande negative samanhengar mellom arbeidsløyse og risiko for gjenteke arbeidsløyse og det å vere utanfor arbeidsstyrken (Nilsen & Reiso, 2011).

Pandemien kan kanskje ha «arrande effektar» på andre vis òg. Mange unge vil truleg gjere andre utdannings- og yrkesval enn dei elles ville ha gjort på grunn av pandemien. Vi har sett at mange av respondentane i ungdomsundersøkinga har mista motivasjonen til å ta meir utdanning. Reegard og Ropstad skil mellom fire ulike typar fråfall frå vidaregåande utdanning (Reegård & Rogstad, 2017). Resignasjonsfråfall er når ungdom «gir opp skolen som følge av at de er

overbevist om og planlegger fremtiden ut fra en tro på at de uansett ikke kommer til å få læreplass eller jobb etterpå».

I ein kunnskapsgjennomgang finn Caspersen eit al. at det er store variasjonar, både i Noreg og internasjonalt, i korleis dei unge har opplevde nedstenginga, og at biletet er komplekst (2021, s. 31). Forfattarane finn òg at det er store variasjonar i kva ulike undersøkingar finn om unges psykiske helse under pandemien (s. 33). Det er for få bakgrunnsvariablar i datamaterialet vårt til å seie noko om kven av dei unge som mista motivasjonen for utdanning under nedstenginga, og kven som på den andre sida snarare fokuserte på dei moglegheitene som nettbasert læring gjev. Bakken eit al. finn at ikkje spesielt mange av Oslo-ungdommane følte seg einsame våren 2020, og at sosial bakgrunn hadde liten påverknad på opplevinga av einsemd (s. 30). 61 prosent av Oslo-ungdommane svara at dei lærte mindre enn før, medan 14 prosent lærte meir enn før (s. 36). Det var ein viss samanheng mellom innvandringsbakgrunn og sosio-økonomiske skilnader og opplevingar av læringsutbytte blant Oslo-ungdommane (s. 36–37).

Vi har sett at dei to undersøkingane, med totalt 2204 respondentar, har ein god representativitet når det gjeld fylke. 30 prosent av landets unge i alderen 15–29 år opplever at pandemien har påverka synet deira på å ta utdanning. Men undersøkinga er ikkje representativ med omsyn til utdanningsnivå. Vi har sett at respondentar med utdanning på grunnskole- og vidaregåande skoles nivå er underrepresenterte òg i ungdomsundersøkinga. Men korleis ville dei opne svara ha vore viss det var fleire elevar på ungdomsskole og vidaregåande skole i ungdomsundersøkinga? Ville det ha vore fleire som svara at dei sleit med motivasjonen til å ta meir utdanning på grunn av pandemien? Og kven har mista motivasjonen? Vi har sett at det er få bakgrunnsvariablar i dataa, sånn at vi ikkje kan seie noko om den sosio-økonomiske bakgrunnen til respondentane.

## **Vi må stelle pent med koronaarra**

Koronapandemien har ført til at framtida er her no (Krastev, 2020), samstundes er dagens unge framtida. Vi har sett at mest ein tredjedel av dei unge i alderen 25–25 år svara at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, medan for ein femtedel har synet på val av yrke blitt påverka. Dette er høge tal når vi samanliknar med vaksenundersøkinga, og det er all grunn til å ta dette på alvor. Dei unge respondentane viser òg stort engasjement i svara på dei opne,



koronarelaterte spørsmåla i undersøkinga. Jamvel om dette ikkje er representativt for alle dei unge, er det grunn til å ta dette på alvor slik at opplevingane til dei unge under nedstenginga får varige, problematiske konsekvensar for dei sjølv og samfunnet. I skrivande stund er pandemien enno ikkje over. Det einaste som er sikkert, er at verda «vil forandres, ikke fordi samfunnene ønsker forandring, men fordi vi ikke kan vende tilbake» (Krastev, 2020, ss. 12–13). Det er viktig at vi bur oss på denne nye post-Covid-verda. Det å satse på høg kompetanse i befolkninga slår aldri feil i ei slik beredskapsbygging. Grzegorzczyk og Wolff tilrår at EU-kommisjonen og nasjonale styresmakter i Europa straks set i verk tiltak i form av økonomisk støtte til sysselsettings- og opplæringstiltak for unge europearar (2020).

Vi har sett at søkinga til høgare utdanning dette året var stor. Mange er opptatt av å ta meir utdanning og rett utdanning, og av å få sikre jobbar. Samstundes har mange mista motivasjon for å ta meir utdanning. Karriererettleiing, med informasjon om arbeidsmarknaden, kan vere eit nyttig tiltak overfor til dei som er opptekne av å få trygge arbeidsplassar. Fleksible løysingar i utdanningssystemet kan òg vere eit svar på den svekte lysta til å ta meir utdanning. I gjennomgangen av dei opne svara i dei to undersøkingane har vi sett at mange, både unge og vaksne, har blitt meir medvitne om kva for moglegheiter nettbasert læring og fleksibilisering kan gje. Det potensialet som ligg i denne interessa, bør utnyttast, ved til dømes at det òg etter pandemien vert større moglegheiter enn det var tidlegare, for å følgje undervisning heimanfrå.

Det er dessutan behov for å skaffe kunnskap om kva for konsekvensar pandemien har hatt for arbeidsmarknaden (ILO, 2020) og ulike grupper av befolkninga, ikkje minst dei unge. Dei som er tenåringar og unge vaksne no, bør følgjast opp, med jamlege analysar av helsetilstand, utdanningsmotivasjon og deltaking i utdanning og arbeidsliv, og tilbod, gjerne oppsøkjande, om fleksibel etter- og vidareutdanning og karriererettleiing. Om arra skulle bli varige, har styresmaktene eit ansvar for å syte for at dei i det minste blir så pene som mogleg.

# Vedlegg 1

## Dei koronarelaterte spørsmåla i spørjeskjema

*Har koronapandemien påverka synet ditt på å ta utdanning?*

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Dei som svara «Ja» på dette spørsmålet:

*Korleis har koronapandemien påverka synet ditt på å ta meir utdanning? (Ope spørsmål)*

*Har koronapandemien påverka synet ditt på val av yrke?*

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Dei som svara «Ja» på dette spørsmålet:

*Korleis har koronapandemien påverka synet ditt på val av yrke? (Ope spørsmål)*

Dette spørsmålet vart berre stilt til dei i alderen 15–25 år:

*Opplver du at koronapandemien har påverka kvaliteten på og mengda av informasjon du har fått om utdanningsmoglegheitene dine?*

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

## Vedlegg 2

**Tabell 1 Høgaste fullførte utdanningsnivå i populasjon og vekta utval, fordelt på alder. Tal og prosent.**

	16–19 år, utval, med vekt (n=409)	16–19 år, populasjon (n=252 575)	20–24 år, utval, med vekt (n=514)	20–24 år, populasjon (n=3377 62)	25–29 år, utval, med vekt (n=237)	25–29 år, populasjon (n=365 735)	30–34 år, utval, med vekt (n=175)	30–34 år, populasjon (n=3801 20)	35–39 år, utval, med vekt (n=146)	35–39 år, populasjon (n=357 909)	40–49 år, utval, med vekt (n=313)	40–49 år, populasjon (n=719 219)	50–59 år, utval, med vekt (n=277)	50–59 år, populasjon (n=714 451)	Totalt, utval, 15–60 år, med vekt (n=2204)	Totalt, populasjon, 16 år ++ (n=4 412 630)
Grunnskole	71,1	85,1	6,8	23,9	6,3	20,8	7,4	20,2	6,8	19,1	9,6	16,2	11,6	20	22,5	24,8
Vidaregåande skole	24,0	14,9	39,4	51,5	20,3	27,7	22,3	27,7	23,8	28,3	24,9	34,5	25,3	39,2	26,6	36,9
Fagskole		0	2,1	1,5	4,2	2,7	6,3	2,7	7,5	3,1	5,1	3,5	6,5	4,5	3,8	3
Universitet og høgskole, tom. 4 år	3,7	0	46,4	22,4	48,9	35,4	36,6	35,4	37,4	30,3	39,6	30,5	38,6	25,8	33,7	24,7
Universitet og høgskole, 5 år eller meir	0,2	0	3,7	0,7	19,8	13,4	26,9	13,4	22,4	30,3	18,2	15,3	14,4	10,5	11,4	10,6
Anna, inga utdanning, veit ikkje	1		1,6		0,4		0,6		2,0		2,6		3,6		2,1	

## Figurar

- Figur 1 Prosentdel som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter alder. Prosent. n=2204..... 5
- Figur 2 Prosentdel som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=2204 ..... 5
- Figur 3 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103 ..... 6
- Figur 4 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka valet deira av yrke, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103 .....7
- Figur 5 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka synet deira på å ta utdanning og valet av yrke, etter kjønn og alder. Prosent. n=1103..... 8
- Figur 6 Prosentdel av personar i alderen 15–25 år som svarar at koronapandemien har påverka den informasjonen dei har fått om utdanningsmoglegheiter, etter kva dei gjer i dag. Prosent. n=1103..... 9

## Referansar

- Andersen, R. K., Bråten, M., Bøckmann, E., Kindt, M. T., Nyen, T., & Tønder, A. H. (2021). *Håndtering og konsekvenser av koronautbruddet for videregående opplæring*. Oslo: Fafo. Henta frå <https://www.fafo.no/images/pub/2021/20776.pdf>
- Arulampalam, W. (2000). *Is Unemployment really Scarring? Effects of Unemployment Experiences on Wages*. Bonn: IZA. Henta frå [https://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract\\_id=251990](https://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=251990)
- Bakken, A. (2021). *Ungdata 2021. Nasjonale resultater*. Oslo: NOVA. Henta frå <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/11250/2767874>
- Bakken, A., Pedersen, W., von Soest, T., & Sletten, M. A. (2020). *Oslo-ungdom i koronatiden. En studie av ungdom under covid-19-pandemien*. Oslo: NOVA. Henta frå Oslo-ungdom i koronatiden. En studie av ungdom under covid-19-pandemien: <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/4221/NOVA-rapport-12-2020.pdf?sequence=3&isAllowed=y>
- Barth, E., Dale-Olsen, H., Schøne, P., & Misje, K. Ø. (2021). *Chutes and Ladders? Job Opportunities for Generation COVID*. Bonn: IZA. Henta frå <https://docs.iza.org/dp14530.pdf>
- Birkeland, P., Havgar, H., Krüger, I. B., & Tkachenko, O. (2021). *Kompass 2021. Sosial ulikhet, ubrukt potensial*. Oslo: Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. Henta frå [https://www.kompetansenorge.no/contentassets/8c7632e830764521bc794d93ee355358/kompass\\_2021.pdf](https://www.kompetansenorge.no/contentassets/8c7632e830764521bc794d93ee355358/kompass_2021.pdf)
- Bufdir. (2021). *Statusrapport 14. Utsatte barn og unges tjenestetilbud under covid-19-pandemien*. Tønsberg: Bufdir. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/4db0f741c98949debe1ffd80007b7661/statusrapport-14-til-bfd-fra-koordineringsgruppen-sept-21.pdf>
- Caspersen, J., Hermstad, I. H., Hybertsen, I. D., Lynnebakke, B., Vika, K. S., Smedsrud, J., . . . Federici, R. A. (2021). *Koronapandemien i grunnskolen - håndtering og konsekvenser*. Trondheim: NTNU, NIFU. Henta frå [https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2733034/Rapport\\_korona%20gsk\\_Samforsk\\_NIFU\\_11032021.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2733034/Rapport_korona%20gsk_Samforsk_NIFU_11032021.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Clark, A., Georgellis, Y., & Sanfey, P. (1999). *Scarring: The Psychological Impact of Past Unemployment*. Canterbury: University of Kent, Department of Economics. Henta frå <https://www.econstor.eu/bitstream/10419/105529/1/9903.pdf>

De Fraja, G., Lemos, S., & Rockey, J. (2017, 02 01). *University of York*. Henta frå The Wounds That Do Not Heal. The Life-time Scar of Youth Unemployment.: <https://www.york.ac.uk/media/economics/documents/seminars/2016-17/The%20Wounds%20That%20Do%20Not%20Heal.pdf>

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. (2021, 11 23). *utdanning.no*. Henta frå [utdanning.no](https://utdanning.no/): <https://utdanning.no/>

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. (2021). *Utdanning.no*. Henta frå [Utdanning.no](https://utdanning.no/): <https://utdanning.no/>

Elder, G. H. (1995). Life trajectories in changing societies. I A. Bandura, *Self-efficacy and educational development* (ss. 46-68). New York: Cambridge University Press.

European Youth Forum. (2021). *Beyond Lockdown. The 'Pandemic Scar' on Young People*. Brussel: European Youth Forum. Henta frå <https://www.youthforum.org/sites/default/files/publication-pdfs/European%20Youth%20Forum%20Report%20v1.2.pdf>

Grzegorzcyk, M., & Wolff, G. G. (2020, 11 28). *Bruegel Blog*. Hentet 11 10, 2022 fra The scarring effect of COVID-19: youth unemployment in Europe: <https://www.bruegel.org/2020/11/the-scarring-effect-of-covid-19-youth-unemployment-in-europe/>

Hauge, M. S. (2020). *Fagskolestudentenes oppfatning av kvaliteten på utdanningen under koronapandemien*. Lysaker: NOKUT. Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2020/fagskole/fagskolestudentenes-oppfatning-av-kvaliteten-pa-utdanningen-under-koronapandemien\\_6-2020.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2020/fagskole/fagskolestudentenes-oppfatning-av-kvaliteten-pa-utdanningen-under-koronapandemien_6-2020.pdf)

ILO. (2020). *ilo.org*. Henta frå A policy framework for tackling the economic and social impact of the COVID-19 crisis: [https://www.ilo.org/wcmsp5/groups/public/@dgreports/@dcomm/documents/briefingnote/wcms\\_745337.pdf](https://www.ilo.org/wcmsp5/groups/public/@dgreports/@dcomm/documents/briefingnote/wcms_745337.pdf)

Ingebø, D., Bratholmen, N. V., & Keute, A. L. (2021). *Utdanningsløpet til unge innvandrere*. Oslo, Kongsvinger: SSB. Henta frå

[https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/443861?\\_ts=17724a96810](https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/443861?_ts=17724a96810)

- Ipsos. (2019). *Nasjonal kartlegging av unges utdannings- og yrkesvalg*. Utdanningsdirektoratet.
- Jacobsen, B., & Bjerke, L. (2021). *Unge utdannings- og yrkesvalg 2021*. Oslo: Opinion.
- Jacobsen, B., & Bjerke, L. (2021). *Voksnes utdannings- og yrkesvalg 2021*. Oslo: Opinion.
- Krastev, I. (2020). *Framtida er her nå. Hvordan pandemien endrer verden*. Oslo: Res Publica.
- Loeng, S. (1992). *Voksne i en læringssituasjon*. Trondheim: Norsk Voksenpedagogisk Forskningsinstitutt.
- Mendolia, S., Suziedelyte, A., & Zhu, A. (2021). *Have Girls Been Left behind during the COVID-19 Pandemic? Gender Differences in Pandemic Effects on Children's Mental Wellbeing*. Bonn: IZA. Henta frå <https://docs.iza.org/dp14665.pdf>
- Nilsen, Ø. A., & Reiso, K. H. (2011). *Scarring Effects of Unemployment*. Bonn: IZA. Henta frå <https://docs.iza.org/dp6198.pdf>
- Norges offentlige utredninger. (2021). *Myndighetenes håndtering av koronapandemien. Rapport fra Koronakommisjonen*. Oslo: Norges offentlige utredninger. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/5d388acc92064389b2a4e1a449c5865e/no/pdfs/nou202120210006000dddpdfs.pdf>
- Nøkleby, H., Borge, T. C., & Johansen, T. B. (2021). *Konsekvenser av covid-19-pandemien for barn og unges liv og psykiske helse: oppdatering av en hurtigoversikt*. Oslo: Folkehelseinstituttet. Henta frå <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2021/oppdatering-av-hurtigoversikt-covid-barn-002.pdf>
- OECD. (2020). *Back to the Future of Education: Four OECD Scenarios for Schooling*. Paris: OECD. Henta frå <https://www.oecd.org/education/back-to-the-future-s-of-education-178ef527-en.htm>
- OECD. (2020). *Women at the core of the fight against COVID-19 crisis*. Paris: OECD. Henta frå [https://read.oecd-ilibrary.org/view/?ref=127\\_127000-awfnqj80me&title=Women-at-the-core-of-the-fight-against-COVID-19-crisis](https://read.oecd-ilibrary.org/view/?ref=127_127000-awfnqj80me&title=Women-at-the-core-of-the-fight-against-COVID-19-crisis)

- Parsons, F. (1909). *Choosing a Vocation*. Boston: Meyer Bloomfield.
- Reegård, K., & Rogstad, J. (Red.). (2016). *De frafalne. Om frafall i videregående opplæring*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Reegård, K., & Rogstad, J. (2017, 07 7). Frafall med mening. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/wqxGn/frafall-med-mening-kaja-reegaard-og-jon-rogstad>
- samordnaopptak.no*. (2021, 04 23). Henta frå Pressemelding 23. april 2021. Nok et rekordår for søking til høyere utdanning: <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2021/2021-04-23-pm-sokertall-april-2021-bokmal.pdf>
- Schwandt, H., & Wachter, T. v. (2020). *Socioeconomic Decline and Death: Midlife Impacts of Graduating in a Recession*. Bonn: IZA. Henta frå <https://www.econstor.eu/bitstream/10419/215304/1/dp12908.pdf>
- Skrove, G., Lichtwarck, W., Moufack, M. F., Røkkum, N. H., Ulfseth, L. A., & Kojan, B. H. (2021). *Konsekvenser av covid-19 for tjenestetilbudet blant sårbare barn og unge*. Trondheim: NTNU.
- Skule, S. (2021, 04 06). Pandemien kan forsterke klasseskillene. *Dagens Næringsliv*, s. 29. Henta frå <https://www.dn.no/innlegg/arbeidsmarkedet/utdannelse/norsk-skole/innlegg-pandemien-kan-forsterke-klasseskillene/2-1-986655>
- Solberg, E., Hovdhaugen, E., Gulbrandsen, M., Scordato, L., Svartefoss, S. M., & Eide, T. (2021). *Et akademisk annerledesår. Konsekvenser og håndtering av koronapandemien ved norske universiteter og høyskoler*. Oslo: NIFU. Henta frå <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2737339/NIFUrapport2021-9.pdf?sequence=4&isAllowed=y>
- Språkrådet. (2020, 04 28). *sprakradet.no*. Henta frå Kohort: <https://www.sprakradet.no/vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt-ord/kohort/>
- SSB. (2020). *ssb.no*. Henta frå 11342: Areal og befolkning i kommuner, fylker og hele landet (K) 2007 - 2020: <https://www.ssb.no/statbank/table/11342/>
- SSB. (2021, 06 18). *ssb.no*. Henta frå Befolkningens utdanningsnivå: <https://www.ssb.no/utdanning/utdanningsniva/statistikk/befolkningens-utdanningsniva>

Statsministerens kontor. (2020, 04 07). *regjeringen.no*. Henta frå Gradvis åpning av barnehager, skoler, fagskoler, høyskoler og universiteter:

[https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemeldinger/2020/gradvis-  
apning-av-barnehager-skoler-fagskoler-hoyskoler-og-  
universiteter/id2697077/?fbclid=IwAR3UAtviykryCzE\\_bODALEfMC5YpPObpU0  
VZf13cXi08g3](https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemeldinger/2020/gradvis-<br/>apning-av-barnehager-skoler-fagskoler-hoyskoler-og-<br/>universiteter/id2697077/?fbclid=IwAR3UAtviykryCzE_bODALEfMC5YpPObpU0<br/>VZf13cXi08g3)

Strømme, T. B. (2019). *Educational Decision-Making. The Significance of Class and Context*. Oslo: OsloMet. Henta frå <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/10642/8741/A-19-1-avhandling-BertnesStr%c3%b8mme.pdf?sequence=3&isAllowed=y>

Tennøe, T. (2020, 04 03). *teknologiradet.no*. Henta frå Korona-krisen: Mulighetene ligger i det fjerne: <https://teknologiradet.no/mulighetene-ligger-i-det-fjerne/>



